Stiftelsen norsk Okkupasjonshistorie, 2014

Kampen om historia

KOMMENTAR

Debatten om den historiske superrevisjonisten David Irving og hans siste Goebbels-biografi handlar ikkje om korvidt slike bøker må få lov å kome ut, men om korleis vi skal bruke dei.

Av ROALD HELGHEIM

Odd-Bjørn Fures pamflett mot Hans Fredrik Dahl er eit historisk kampskrift.

ADOLF Hitlers *Mein Kampf* er ei avgjerande kjelde til forståing av den tyske nazismen og Det tredje rike. Ikkje berre legg han fram eit politisk program som han som Führer skulle gjennomføre til punkt og prikke. Som demagogisk lærestykke inneheld boka til dels lysande avsnitt. Som få andre forsto Hitler kva skilnaden på propaganda og agitasjon var, og trass i at det mislukka ølkjellarkuppet i München i 1923 er utelatt, er skildringa av den første oppbyggjinga av NSDAP uhyre interessant. Som sjølvbiografi over Hitlers unge år er verket sjølvsagt ikkje av same verdi. Som historiekjelde har Mein Kampf likevel stor betydning, om Hitler sjølv aldri så mykje forfalskar historia. Som *kjeldekritikar* er Hitler ubrukeleg.

Av alle desse grunnar burde *Mein Kampf* uansett vere allmen lesnad og fritt tilgjengeleg, i staden for at ein utgjevar som t.d. det svenske Hägglund Förlag blir politiforfølgt og straffa, til alt overmål etter tysk press.

Debatten om den historiske superrevisjonisten David Irving og hans verk, inkludert hans siste Goebbels-biografi som han til slutt måtte gje ut på eige forlag, handlar altså ikkje om korvidt slike bøker må få lov å kome ut, men om korleis vi skal bruke dei. Hans Fredrik Dahl har på kronikkplass vedgått at karakteristikken av Irving som «den fremste kildekritiker inne nazismens historie» var «ubetenksom». «En av de fremste» eller «blant de ledende» er den formuleringa Dahl nyttar no, for dei som tykkjer det gjer saka betre. Etter det eg kan sjå har Odd-Bjørn Fure i pamfletten *Kampen mot glemselen* godtgjort at denne «en av de fremste» i kjeldekritikken for godt har retusjert Holocaust ut av såvel sine historiske som politiske skrifter. Som *kjeldekritikk* må det kallast eit historisk meisterstykke. Verre er det likevel når ein historikar med nasjonalsosialismen som viktig arbeidsområde dei siste tjue åra seier i eit intervju i Dagbladet 26. februar at «det er ikke sikkert at Goebbels visste om gasskamrene». Vi snakkar om Hitlers propagandaminister, med i den inste kjerne i nazi-Tysklands leiarskap. Det historikarar og andre har diskutert sidan krigens slutt er ellers a) når vanlege tyskarar visste om det, og b) når i løpet av krigen det vart kjent blant dei allierte (Walter Laqueur: Det ufattelige var sant. Document forlag 1991). Claude Lanzmann, mannen bak boka og den monumentale filmdokumentasjonen *Shoah*, er ein av dei som med styrke har hevda at med så mange menneske som var involvert på ulike nivå i det administrative folkemordet mot jødane, blir alle historiske bortforklaringar om det tyske folkets uskuld absurde. Kva med Daniel Goldhagens *Hitler's Willing Executioners*? I Dagbladets Irving-debatt stilte Dahl Goebbels-biografien opp som eit kjeldekritisk motstykke til Goldhagens bok.

Den fantastiske fråsegna om Goebbels og gasskammera er typisk for Dahls metode, kasta fram av ein vitskapsmann med eit namn og ein posisjon allmugen er forventa å rygge attende for. Han forsvarar Irving med at «Irving har valgt å skrive en biografi fra Goebbels' ståsted» og at «det står ingenting om gasskamrene i Goebbels' kolossale dagbok». Men er det ikkje nettopp ei historisk røynsle at omtale med namns nemning av *gasskammera* sjeldan finst i etterlatte tyske dokument, og at gjennomføringa av «den endelege løysinga» heilt nitid vart omtalt i andre byråkratiske og tekniske termer?

Meir enn ein strid om Irving er dette sjølvsagt ein kamp om historia. Det er grunn til å minne om at før sommarens Irving-debatt, etter avsløringane av «det jødiske gullet», var Dahl i februar i fjor ute og påsto att Norge i etterkrigsoppgjeret gjorde opp for konfiskasjonen av jødiske eigedomar under krigen. Når det gjeld Fures kritikk av den den manglande offentlege reaksjonen på det han kalla Dahls Irving-kult, vil eg antyde ein samanheng. Stiller vi det opp mot den rasande stormen som med alle oppegående krigsheltar og -historikarar fremst i fylkinga møtte Egil Ulateigs omtale av heimefrontens likvidasjonar, er det – uansett syn på boka – tankevekkjande. Å dra Holocaust i tvil er ein ting, å stille spørsmål ved sjølve Norges ære, sjå det er noko ganske anna.